



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 16.01.2018
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Anders Egil Straume	Medlem	KRF

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leder	AP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Øyvind Festø	Jørgen Amdam	MDG
Erlend Krumsvik	Margrete Bjerkvik	KRF
Roald Arnold Espset	Odd Arne Folkestad	FRP
Sindre Rotevatn	Dan Helge Bjørneset	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgård	Rådmann
Asbjørn Moltudal	Assisterande Rådmann
Rune Totland	Teknisk sjef, OS 1/18 og OS 10/18
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef, PS 4/18 og PS 5/18
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef, PS 3/18 og PS 8/18
Svein Berg-Rusten	Helse- og omsorgssjef, PS 4/18
Per Heltne	Fagansvarleg plan, PS 8/18
Heidi Istad	Planleggar, PS 3/18
Nina Kvalen	Spesialrådgjevar innvandring og integrering, PS 6/18
Stian Bjerkvik	Rektor Volda Læringscenter, PS 6/18
Elin Høydal Vatne	Leiar rus- og psykisk helseteneste, PS 4/18
Marianne Solheim	Programrådgjevar Læringscenteret, PS 4/18
Anne Marthe Ådneram	Prosjekteiar bustadar, PS 4/18
Tor Vegard Søvik	Ingeniør, OS 10/18



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 3/18	Bustadbehovsanalyse og prinsipp for fortetting - Arealdelen - Planid 2016005
PS 4/18	Framlegg til vedtak av bustadsosial handlingsplan 2017 – 2020
PS 5/18	Volda skisenter AS - kommunal garanti til nytt idrettsbygg
PS 6/18	Innovasjonsprosjektet Kimen Sosial Entreprenør - drift av gartneri på Folkestad
PS 7/18	Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 31.12.2017
PS 8/18	Fritak frå eigedomsskatt i 2018 etter § 7
PS 9/18	Nye Volda kommune som språkkommune
PS 10/18	Prioritering av asfaltering av kommunale vegar 2018
PS 11/18	Orienteringssaker
OS 1/18	Orientering om anleggsprosjektet Sambindingsveg Håmyra/Urbakkfoten
OS 10/18	Orientering om EPC-prosjektet
OS 2/18	Eksporpriasjon - Areal Øvre Rotset
OS 3/18	Forskrift om samanslåing av Hornindal kommune og Volda kommuner til Volda kommune er fastsett
OS 4/18	Statlege verksemder - endring av fylkesgrenser
OS 5/18	Løyve - Vartdalsfjorden - Statens vegvesen - etablering og utplassering av bølgeomålere
OS 6/18	Protokoll frå fylkesstyremøtet i KS Møre og Romsdal, den



VOLDA KOMMUNE

30. november 2017

- OS 7/18 **Brev frå Vanylven kommune sendt til Møre og Romsdal Fylkeskommune - Takstendring ferjesamband 01.01.2018**
- OS 8/18 **NAV - Pressemelding arbeidsmarkedet desember 2017**
- OS 9/18 **Valg til KLPs generalforsamling 2018**
- PS 12/18 **Referatsaker**
- RS 1/18 **Nye takstar for buss, hurtigbåt og ferje frå 1. januar**
- RS 2/18 **Drosjeløyva i Volda kommune - Tildeling av ledig løyve tilknytt Volda Taxisentral - Endeleg vedtak**

PS 1/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var åtte røysteføre ved møtestart.

Innkalling:

Ettersendte dokument 12.01.18:

PS - Fritak frå eigedomsskatt i 2018 § 7.

Vedlegg til PS 4/18 – Bustadsosial handlingsplan 2017-2020.

Dokument delt ut i møtet:

Avtale om minnelig løysing mellom Volda kommune og K. A. Aurstad.

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Sakliste:

Ordførar Fride Sortehaug ber om at «Avtale om minnelig løysing mellom Volda kommune og K. A. Aurstad» blir lagt til OS 1/18 og «Bustadsosial handlingsplan 2017-2020» bli lagt til PS 4/18.

Ordførar Fride Sortehaug ber om at OS 10/18 blir flytta til etter OS 1/18.

Gunnar Strøm ber om at «Nye Volda kommune som språkkommune» blir sett på saklista.

Erlend Krumsvik ber om at «Prioritering av asfaltering av kommunale vegar 2018» blir sett på saklista.

Røysting:



VOLDA KOMMUNE

«Fritak frå Eigedomsskatt i 2018 §7» frå administrasjonen, «Nye Volda kommune som språkkommune» frå Gunnar Strøm og «Prioritering av asfaltering av kommunale vegar 2018» frå Erlend Krumsvik, vedlegg til PS 4/18 og OS 1/18, samt flytting av OS 10/18 vart samrøystes godkjent.

PS 2/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Det var ingen merknadar til møteprotokoll frå førre møte 12.12.17.

Røysting:

Møteprotokollen frå førre møte 12.12.17 vart samrøystes godkjent.

PS 3/18 Bustadbehovsanalyse og prinsipp for fortetting - Arealdelen - Planid 2016005

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet tek grunnlagsdokument «Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting i Volda sentrum», datert 05.01.2018 til vitande, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med Kommuneplanen sin arealdel 2018 – 2030.

Handsaming:

Sølvi Dimmen møtte 12:08. Det er ni røysteføre.

Planleggjar Heidi Istad orienterte og svarte på spørsmål.

Erlend Krumsvik kom med følgjande framlegg:

Avsnittet med «Fortetting i område med blokk og større bustad-/forretningsbygg» som er merka i blått nedst på side 15 i bustadbehovsanalyse og side 22 i innkallinga blir fjerna.

Røysting:

Det vart røysta over Erlend Krumsvik sitt framlegg.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over administrasjonen si tilråding med endring frå Erlend Krumsvik.

Administrasjonen si tilråding med endring frå Erlend Krumsvik var samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 16.01.2018:

Avsnittet med «Fortetting i område med blokk og større bustad-/forretningsbygg» som er merka i blått på nedst side 15 i bustadbehovsanalyse og side 22 i innkallinga blir fjerna.

Formannskapet tek grunnlagsdokument «Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting i Volda sentrum», datert 05.01.2018 til vitande, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med Kommuneplanen sin arealdel 2018 – 2030.



VOLDA KOMMUNE

PS 4/18 Framlegg til vedtak av bustadsosial handlingsplan 2017 - 2020

Administrasjonen si tilråding:

Bustadsosial handlingsplan 2017 – 2020 blir vedteken og er retningsgivande for vidare arbeid med det bustadsosiale arbeidet i Volda kommune.

Handsaming:

Helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten svarte på spørsmål.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 16.01.2018:

Bustadsosial handlingsplan 2017 – 2020 blir vedteken og er retningsgivande for vidare arbeid med det bustadsosiale arbeidet i Volda kommune.

PS 5/18 Volda skisenter AS - kommunal garanti til nytt idrettsbygg

Administrasjonen si tilråding:

Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gjev Volda kommune garanti til Volda skisenter AS for eit lån pålydande kr. 4 000 000,- i Sparebank 1 Søre Sunnmøre, i samsvar med lånetilsegn datert 25.10.17.

Garantien vert gitt på slike vilkår:

- 1. Garantien er ein simpel kausjon*
- 2. Garantien gjeld for inntil 20 år*
- 3. Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet*
- 4. Utbetalte spelemidlar og eventuell kompensasjon av mva skal i heilskap gå til avkorting av lånebeløpet i samsvar med finansieringsplan*

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i Formannskapet - 16.01.2018:

Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gjev Volda kommune garanti til Volda skisenter AS for eit lån pålydande kr. 4 000 000,- i Sparebank 1 Søre Sunnmøre, i samsvar med lånetilsegn datert 25.10.17.

Garantien vert gitt på slike vilkår:

- 1. Garantien er ein simpel kausjon*
- 2. Garantien gjeld for inntil 20 år*
- 3. Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet*
- 4. Utbetalte spelemidlar og eventuell kompensasjon av mva skal i heilskap gå til avkorting av lånebeløpet i samsvar med finansieringsplan*

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret tek saka til vitande, og takkar studentane og andre involverte i Kimen for nytenking, kreativitet og engasjement i innovasjonsprosjektet Kimen Sosial Entreprenør.

Utvikla metodikk gjennom innovasjonsprosjektet vert å ta med i den vidare kvalifiseringsarbeidet og i utgreiinga om samarbeid og samordning av kommunale kvalifiserings- og sysselsettingstiltak.

PS 6/18 Innovasjonsprosjektet Kimen Sosial Entreprenør - drift av gartneri på Folkestad

Handsaming:

Rådmann Rune Sjurgard orienterte. Spesialrådgjevar for innvandring og integrering Nina Kvalen svarte på spørsmål.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 16.01.2018:

Kommunestyret tek saka til vitande, og takkar studentane og andre involverte i Kimen for nytenking, kreativitet og engasjement i innovasjonsprosjektet Kimen Sosial Entreprenør.

Utvikla metodikk gjennom innovasjonsprosjektet vert å ta med i den vidare kvalifiseringsarbeidet og i utgreiinga om samarbeid og samordning av kommunale kvalifiserings- og sysselsettingstiltak.

PS 7/18 Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 31.12.2017

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.12.2017 til vitende.



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Rådmann Rune Sjugard orienterte om at vedtaksloggen blir per dags dato laga manuelt, men at han i framtida ser føre seg at vedtaksloggen kan genererast direkte i systemet.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 16.01.2018:

Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.12.2017 til vitende.

PS 8/18 Fritak frå eigedomsskatt i 2018 etter § 7

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
- 2. Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
- 3. Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.*

Handsaming:

Ettersendt sak 12.01.18.

Odd Harald Sunndal ber administrasjonen undersøke stauts på Fyrde bedehus.

Roald Espset kom med framlegg om punktvis røysting.

Røysting (ni røysteføre):

Punkt 1:

Tilråding frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteke. Roald Espset røysta i mot.

Punkt 2:

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 3:

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i Formannskapet - 16.01.2018:

1. *Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
2. *Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
3. *Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.*

PS 9/18 Nye Volda kommune som språkkommune

Handsaming:

Gunnar Strøm ber om at Volda kommune skal få ein språkpolitisk plan. Dersom man laga ein plan i samråd med Hornindal kan den være gjeldande også etter kommunesamanslåinga 01.01.20. Gunnar Strøm påpeikar at det er mange aktør i området som kan være interessert, blant andre Nynorsksenteret, Ivar Aasen-tunet og Volda Mållag.

Gunnar Strøm kom med følgende framlegg:

FSK ber om at Fellesnemda vurderer å søke Utdanningsdirektoratet om at Nye Volda vert språkkommune

Røysting:

Det vart røysta over framlegget frå Gunnar Strøm.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 16.01.2018

FSK ber om at Fellesnemda vurderer å søke Utdanningsdirektoratet om at Nye Volda vert språkkommune

PS 10/18 Prioritering av asfaltering a kommunale vegar 2018

Handsaming:

Erlend Krumsvik kom med følgende framlegg:

Prioritering av asfaltering av kommunale vegar 2018

Ressursar knytt til asfaltering av kommunale vegar er ein knapp ressurs i Volda kommune. I høve disponible midlar i budsjett 2018, ber formannskapet om at administrasjonens prioriteringar blir forankra politisk. Saka bør innehalde prioriterte og uprioriterte prosjekt.

Røysting:



VOLDA KOMMUNE

Framlegget frå Erlend Krumsvik vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 16.01.2018:

Prioritering av asfaltering av kommunale vegar 2018

Ressursar knytt til asfaltering av kommunale vegar er ein knapp ressurs i Volda kommune. I høve disponible midlar i budsjett 2018, ber formannskapet om at administrasjonens prioriteringar blir forankra politisk. Saka bør innehalde prioriterte og uprioriterte prosjekt.

PS 11/18 Orienteringssaker

OS 1/18 Orientering om anleggsprosjektet Sambindingsveg Håmyra/Urbakkfoten

Handsaming:

Ettersendt dokument «Avtale om minnelig løysing mellom Volda kommune og K. A. Aurstad» vart delt ut i møtet.

Teknisk sjef Rune Totland informerte om sambindingsvegen og svarte på spørsmål. Det har oppstått ei tvist mellom Volda kommune og K. A. Aurstad, som det no er kome til minneleg løysing gjennom forslag til avtale som vart utdelt.

Formannskapet tok orienteringar til vitande og har ikkje merknader til at det vert inngått slik avtale.

OS 10/18 Orientering om EPC-prosjektet

Handsaming:

Rådmann Rune Sjugard orienterte om EPC prosjektet og tvist i høve til totalentreprenøren NEE. Det er tvist mellom Volda kommune og Norsk enøk og energi AS om fakturaer der kommunen meiner at det ikkje er utført levering i samsvar med kontrakt. Selskapet har likviditetsvanskar, og det kan vere usikkerheit omkring selskapet framover.

Ingeniør Tor Vegard Søvik svarte på spørsmål og informerte at Samfunnshuset vil være ferdig i veke 4.

OS 2/18 Eksporprisjon - Areal Øvre Rotset



VOLDA KOMMUNE

OS 3/18 Forskrift om samanslåing av Hornindal kommune og Volda kommuner til Volda kommune er fastsett

OS 4/18 Statlege verksemder - endring av fylkesgrenser

OS 5/18 Løyve - Vartdalsfjorden - Statens vegvesen - etablering og utplassering av bølgeomålere

OS 6/18 Protokoll frå fylkesstyremøtet i KS Møre og Romsdal, den 30. november 2017

OS 7/18 Brev frå Vanylven kommune sendt til Møre og Romsdal Fylkeskommune - Takstendring ferjesamband 01.01.2018

Handsaming:

Røysting:

Ordførar Fride Sortheaug kom med følgjande framlegg:

Formannskapet gjev Fride Sortehaug fullmakt til å forfatte eit brev til Samferdselavdelinga ved Møre og Romsdal fylkeskommune.

Vedtak i Formannskapet - 16.01.2018:

Formannskapet gjev Fride Sortehaug fullmakt til å forfatte eit brev til Samferdselavdelinga ved Møre og Romsdal fylkeskommune.

OS 8/18 NAV - Pressemelding arbeidsmarkedet desember 2017

OS 9/18 Valg til KLPs generalforsamling 2018



VOLDA KOMMUNE

PS 12/18 Referatsaker

RS 1/18 Nye takstar for buss, hurtigbåt og ferje frå 1. januar

RS 2/18 Drosjeløyva i Volda kommune - Tildeling av ledig løyve tilknytt Volda Taxisentral - Endeleg vedtak

Møte slutt kl. 13:50.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
17.01.18

Sunniva Utnes

Konsulent